

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region Vest, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 18/785-1

## **Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2018**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

#### 1. Planleggingsmidlar på 7 mill. kr for 2018 vert fordelt slik (i 1000 kr):

Planlegging ufordelt:	-74
Kystvegen – utgreiing:	-158
Fv. 53 Ljoteli:	1000
Fv. 53 Holsbru, omlegging av veg:	150
Fv. 60 Hildestranda – Innvik:	150
Fv. 61 Naveosen – Solibakke:	-50
Fv. 303 Seimsdalstunnelen:	2400
Fv. 606 Bru over Ytre Steinsund:	32
Fv. 607 Heggebø – Leirvik:	800
Fv. 616 Svelgen – Indrehus:	600
Fv. 698 Blaksettunnelen:	250
Fv. 722 Flovegen:	700
Fv. 724 Oldedalen:	100
Fv. 615 Hyen – Storebru:	100
Fv. 548 Brandsøy – Solheim:	300
Fv. 614 Breivika – Svelgen:	600
TS-tiltak fv. 484 Tefrevegen:	100

**Vedlegg:** Ingen

#### **Andre relevante dokument i saka:**

FT-sak 57/2017 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027  
 FT-sak 59/2017 Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021  
 HS-sak 52/2016 Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2017  
 FT-sak 38/2017 Tertialrapport 2/2017  
 FU-sak 49/2017 Tunnelløysing på fv. 53 Ljoteli – søknad om fråvik  
 FT-sak 31/2017 Tunnelløysing fv. 303 Seimsdalstunnelen – val av løysing

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

I budsjettet for 2018 er det sett av 7 mill. kr til planlegging og prosjektering. I denne saka gjer vi framlegg til korleis desse midlane skal fordelast.

Innanfor planleggingsmidlane skal vi finansiere all planlegging etter plan- og bygningslova etter ei slik framdrift at prosjekta er klare til å starte når dei ligg an til å få prosjektløyving. Kostnader med prosjektering og grunnnerverv skal i utgangspunktet dekkast innanfor prosjektløyvinga. Vi vil i hovudsak omtale behov for planleggingsmidlar i 2018 og framlegg til fordeling av dei løyvde midlane.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Hovudutval for samferdsle handsama fordeling av planleggingsmidlar for 2017 i HS-sak 52/2016. Regional transportplan 2018-2027 vart handsama i fylkestinget i desember 2017 som sak 57/2017. Regional transportplan 2018-2027 legg føringar for kva prosjekt som skal planleggjast framover.

#### Andre opplysningar

Planleggingsprogrammet for 2019-2021 skal behandlast av fylkestinget i april 2018.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Vi føreset at mindreforbruket til planlegging på 0,449 mill. kr frå 2017 vert overført til 2018. Dette gir følgjande ramme for planleggingsmidlar 2018:

Løyving 2018:	7,000 mill.kr
+ overførte midlar frå 2017:	<u>0,449 mill.kr</u>
Til disposisjon 2018:	<u>7,449 mill.kr</u>

I saka har vi lagt til grunn prioriteringane i Regional transportplan for perioden 2018-2027, samt status på igangsette planprosjekt og eventuelle behov for å justere løyvingane til desse.

Løyvinga i 2018 er betydeleg høgare enn i 2017. Dette har si årsak i at Regional transportplan no er vedteken, og vi såleis kan setje i gang planlegging av nye prosjekt som har oppstartsløyving i perioden.

Ramma til planlegging i 2018 er ikkje stor nok til å dekkje innmelde behov. Vi har difor tildelt midlar til kvart prosjekt etter skjøn. Der vi ser at det er trong for å gjere justeringar for å halde framdrifta på prosjekta vil vi foreslå endringar i samband med tertialrapporteringane for 2018.

## Framlegg til fordeling av planmidlar for 2018

Statens vegvesen tilrår at planleggingsmidlane for 2018 vert fordelt slik det er synt i kolonne «Fordeling 2018»:

Tal i 1000-kr

Strekning	Kommune	Til disposisjon 2017	Forbruk 2017	Overført frå 2017	Behov 2018	Fordeling 2018	Til disposisjon 2018
Planlegging ufordelt		800	757	43		-74	-31
Kystvegen - utgreiing		781	623	158		-158	0
Fv. 53 Ljoteli	Årdal	87	80	7	1 300	1 000	1 007
Fv. 53 Holsbru, omlegging av veg	Årdal	640	551	89	239	150	239
Fv. 60 Hildestranda - Innvik	Stryn	40	0	40	190	150	190
Fv. 61 Naveosen - Sollibakke	Vågsøy	800	206	594	550	-50	544
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	Årdal	500	284	216	2 800	2 400	2 616
Fv. 606 bru over Ytre Steinsund	Solund	896	928	-32		32	0
Fv. 607 Heggebø - Leirvik	Hyllestad	250	101	149	1 200	800	949
Fv. 611 Sæle - Engebø	Naustdal				500		
Fv. 616 Svelgen-Indrehus	Bremanger			0	800	600	600
Fv. 698 Blaksetunnelen	Stryn	1 622	1 750	-128	122	250	122
Fv. 722 Flovegen	Stryn	950	1 637	-687	50	700	13
Fv. 724 Oldedalen	Stryn				150	100	100
Fv. 615 Hyen - Storebru	Gloppen				150	100	100
Fv. 548 Brandsøy - Solheim	Flora				500	300	300
Fv. 614 Breivika - Svelgen	Bremanger				700	600	600
TS-tiltak fv. 484 Tefrevegen i Førde kommune	Førde				300	100	100
Fv. 55 Kjenes	Balestrand				500		
<b>PLANLEGGINGSMIDLAR SUM</b>				<b>449</b>	<b>10 051</b>	<b>7 000</b>	<b>7 449</b>

### Prosjektomtale – igangsette planprosjekt

#### Kystvegen - utgreiing

Prosjektet er ferdigstilt, og mindreforbruk i 2017 er føresleige trekt inn.

#### Fv. 53 Holsbru i Årdal kommune

Det vart vedteke å stanse planarbeidet samband med HS-sak 7/2016 Fordeling av planleggingsmidlar for 2016. Årdal kommune gav i 2017-budsjettet eit tilskot på 0,5 mill. kr slik at arbeidet kunne slutførast. Årdal kommune ber også risikoen for ev. kostnadsauke i prosjektet.

I HS-sak 34/2017 Tertialrapport 2/2017 fekk prosjektet tilført 0,130 mill. kr.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har meldt at dei skal gjennomføre arkeologiske registreringar i området. Denne registreringa må gjennomførast før planen vert vedteken. Registreringa er venta gjennomført til våren/sommaren 2018.

Reguleringsplanen er venta vedteken hausten 2018.

Det er sett av 0,150 til slutføring av reguleringsplanen og til å gjennomføre arkeologiske registreringar.

#### Fv. 53 Ljoteli i Årdal kommune

Prosjektet er eit skredsikringsprosjekt prioritert i Regional transportplan 2018-2027 med oppstartsløyving i 2019.

Hovudutval for samferdsle handsama fråvik frå krav til maksimal stigning i ny tunnel i HS-sak 11/2017. I samband med handsaming av HS-sak 7/2016 Fordeling av planleggingsmidlar i 2016 vart det vedteke å fullføre forprosjektet og vente med reguleringsplan. Prosjektet fekk tilført midlar i 2017 til å slutføre forprosjektet, jf. HS-sak 52/2016 Fordeling av planleggingsmidlar for 2017.

Vi foreslår at det vert sett av 1,0 mill. kr til reguleringsplanarbeid i 2018.

*Fv. 60 Hildestranda – Innvik i Stryn kommune*

Reguleringsplan har vore ute på høyring. Sogn og Fjordane fylkeskommune har stilt krav om arkeologiske registreringar.

Vi foreslår at det vert sett av 0,150 mill. kr til registreringsarbeidet.

*Fv. 61 Naveosen – Solibakke i Vågsøy kommune*

Prosjektet fekk løyving i 2016, men arbeidet med reguleringsplanen vart utsett grunna at arbeidet med Ytre Steinsund bru måtte prioriterast. Vågsøy kommune stilte krav om utarbeiding av planprogram med konsekvensutgreiing. I HS-sak 34/2017 Tertialrapport 2/2017 fekk prosjektet tilført 0,350 mill. kr. Prosjektet skal slutførast i 2018.

*Fv. 303 Seimsdalstunnelen i Årdal kommune*

Hovudutval for samferdsle handsama val av tunnelloysing i HS-sak 33/2017. Prosjektet fekk ei løyving på 0,5 mill. kr i HS-sak 52/2016 Fordeling av planleggingsmidlar 2017 til oppdatering av forprosjekt og start av reguleringsplanarbeidet.

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan for 2018-2017 med oppstart i 2019.

Det er ikkje avklart kor mykje grunnundersøkingar som må gjennomførast. Det er og uavklart om fylkeskommunen skal registrere arkeologi og kva som er naudsynt av utgreiingar om «grøne» tema. Dette kan påverke framdrifta. Vi føreset at reguleringsplanen vert lagt ut på høyring før ferien.

Det er sett av 2,4 mill. kr til reguleringsplan og prosjektering i 2018.

*Fv. 606 Bru over Ytre Steinsund i Solund kommune*

Forprosjekt og reguleringsplan er ferdigstilt, og løyvinga går til dekning av meirforbruk i 2017.

*Fv. 607 Heggebø – Leirvik i Hyllestad kommune*

Prosjektet med reguleringsplan har vore forsinka pga. manglande planleggingskapasitet. Vi reknar med at reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn i mars 2018 og vedteken før sommarferien.

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 med ei løyving på 15 mill. kr i 2019.

Det er sett av 0,8 mill. kr til reguleringsplan og prosjektering i 2018.

*Fv. 616 Svelgen – Indrehus i Bremanger kommune*

Bremanger kommune har laga og vedteke kommunedelplan for ny veg på strekninga mellom Svelgen og Indrehus. Strekninga er ein parsell på Kystvegen.

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 med oppstartsløyving i 2020.

Det er sett av 0,6 mill. kr til reguleringsplanarbeidet i 2018

*Fv. 698 Blaksettunnelen i Stryn kommune*

Prosjektet fekk tildelt 0,5 mill. kr til reguleringsplanarbeidet i samband med HS-sak 52/2016 Fordeling av planleggingsmidlar 2017. I HS-sak 34/2017 Tertialrapport 2/2017 fekk prosjektet tilført 1,020 mill. kr.

Reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn i desse dagar og er forventa godkjent 15. mai.

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 med oppstartsmidlar i 2018. Prosjektering vil verte finansiert av prosjektløyvinga.

Prosjektet har trong for 0,250 mill. kr til slutføring av arbeidet med reguleringsplanen og til dekking av meirforbruket i 2017.

*Fv. 722 Flovegen*

Prosjektet fekk tildelt 1,1 mill. kr til reguleringsplanarbeidet i samband med HS-sak 52/2016 Fordeling av planleggingsmidlar i 2017. I HS-sak 34/2017 Tertialrapport 2/2017 fekk projektet tilført 0,324 mill. kr.

Prosjektet fekk tildelt midlar til prosjektering i budsjettet for 2018. Desse midlane vart i stor grad tilbakeført i HS-sak 34/2017 Tertialrapport 2/2017.

Reguleringsplanen vart vedteken i desember 2017.

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2027 med oppstartsløyving i 2018. Prosjektering vil verte finansiert av prosjektløyvinga.

Vi foreslår 0,7 mill. kr til inndekning av meirforbruket frå 2017 og til slutføring av arbeidet med reguleringsplanen.

**Aktuelle nye planprosjekt***Tiltak for framkome og tryggleik*

I sak 57/17 gjorde fylkestinget m.a. vedtak om følgjande i pkt. 3A, 3. strekpunkt:

Ramma til mindre utbetringar vert utvida med 40 mill. kr, fordelt med 10 mill. kr kvart år i perioden. I denne potten skal prosjekt knytt til fv. 724 Oldedalen og fv. 615 Hyen – Storebru vurderast.

Vi har sett av 0,1 mill. kr til planlegging av kvart av tiltaka.

*Fv. 548 Brandsøy – Solheim (delprosjekt) i Flora kommune*

Prosjektet er omtala i Regional transportplan 2018-2021 Gå- og sykkelstrategi. Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 og har startløyving i 2019.

Her er det trong for å kvalitetssikre og oppdatere eksisterande reguleringsplanar.

Det er ført opp 0,3 mill. kr til dette arbeidet.

*Fv. 611 Sæle – Engebø i Naustdal kommune*

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 med oppstart i 2020.

Vi har ikkje funne rom for planmidlar til dette prosjektet no. Fylkesdirektøren vil vurdere løyving til projektet i samband med tertialrapport 1/18.

*Fv. 614 Breivika – Svelgen i Bremanger kommune*

Prosjektet er omtala i Regional transportplan 2018-2021 Gå- og sykkelstrategi. Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 og har startløyving i 2018.

Reguleringsplanen er nær ti år gamal og ekspropriasjonsheimelen er i ferd med å gå ut. Her må difor reguleringsplanen oppdaterast parallelt med prosjekteringa.

Det er foreslått 0,6 mill. kr til oppdatering av reguleringsplanen.

*TS-tiltak Tefrevegen i Førde kommune*

Det er sett av 13 mill. kr til trafikktryggingstiltak i 2018. Det er planlagt å nytte nokre av desse til trafikktryggingstiltak i Tefrevegen i Førde. Dette gjeld bygging av fortau fram til nytt gangfelt, fartshump og intensivbelysning. Det er reguleringsplan som viser fortau, men det er ikkje med sideareal. Det er mogleg at reguleringsplan bør endrast eller lagast ny.

Det er ført opp 0,1 mill. kr til oppdatering av eldre planar.

*Fv. 55 Kjenes i Balestrand kommune*

Prosjektet er prioritert i Regional transportplan 2018-2017 med oppstartsløyving i 2021 som det neste store skredsikringsprosjektet. Dersom vi skal kunne nytte 100 mill. kr på prosjektet i 2021, trengs det planleggingsmidlar i 2018.

Vi har ikkje funne rom for planmidlar i 2018 til dette prosjektet. Fylkesdirektøren vil vurdere løyving til prosjektet i samband med tertialrapport 1/18.

*Atløysambandet*

I samband med behandlinga av Regional transportplan 2018-2017 gjorde fylkestinget vedtak om at det skal setjast av planleggingsmidlar til detaljplanlegging for Atløysambandet i første periode i RTP.

Fylkesmannen er i gang med arbeidet med høyringsframlegg for endring av vernegrensene på Prestøya. Fylkesdirektøren vil vurdere vidare framdrift for prosjektet i samband med tertialrapportane i 2018.

**3. Konklusjon**

Statens vegesen rår til at planmidlar for 2018 vert fordelt på prosjekt slik det går fram av tabellen i pkt. 2 i denne saka.